


Ny selskapsorganisering i NGIR

Måndag, 5. juni 2023, vedtok representantskapet ei ny selskapsorganisering for NGIR, der delar av selskapet vert skild ut i to dotterselskap. Den nye organiseringa skal gjelde frå årsskiftet.

Styret og representantskapet har, etter å ha handsama spørsmålet i fleire rundar, konkludert med at det er behov for ei ny organisering av NGIR. Dette skuldast m.a. dei aukande mengdene næringsavfall som selskapet tek hand om, og dei moglegheitene dette gjev for vidare utvikling av tenestetilbod. Næringsrelatert aktivitet utgjer i dag om lag 40 % av omsetnaden til NGIR. Då det interkommunale selskapet – NGIR IKS – vart skipa for nær 40 år sidan, var det primært for å utføre dei lovpålagte avfallstenestene til innbyggjarane i regionen, på vegne av eigarkommunane.

- Om NGIR skal drive næringsaktivitet vidare, må dette gjerast innanfor ei anna ramme enn i eit IKS, er det semje om hjå eigarane våre. Det er og eit ønskje frå våre eigarkommunar at vi held fram med tilboda til næringslivet i regionen vår, og difor vart forslaget om ny selskapsorganisering vedteken i dag, seier dagleg leiar i NGIR, Bjørn Berg.

Nytt organisasjonskart vil sjå slik ut:



- Grunnen til at Drift AS også skal skiljast ut, er at fleire av driftsanlegga, maskinane, bilane og dei tilsette tek hand om avfall frå både hushald og næring, seier økonomisjef Ove-Christian Fredriksen. Med eit felles driftsselskap kan vi ta vare på stordriftsfordelane, og samstundes formalisere det

økonomisk skilje mellom det som er knytt til hushald, som drivast etter sjølvkostprinsippet, og det som er knytt til næring, som drivast kommersielt.

Begge dotterselskapa vil vere 100 % eigd av IKS-et, som igjen er 100 % eigd av kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Solund. Dotterselskapa skal ha det same styret som IKS-et, og representantskapet i IKS-et skal godkjenne budsjett og økonomiplanar også for dotterselskapa. Dette skal vere med å sikre at alle delane av NGIR vert styrt i tråd med den overordna strategien for selskapet.

Denne omstruktureringa er også viktig for at NGIR skal kunne leggje til rette for framtidig utvikling av avfallstenester. Avfallsbransjen er i rask endring mot ei grønar og meir berekraftig handsaming av avfall, og lovendringar og nye krav om utsortering kjem fortløpande frå både nasjonale myndigheiter og frå EU. Desse må også NGIR vere førebudd på. Når «Næring» no vert skilt ut av IKS-et, får NGIR høve til å ta opp større investeringslån i aksjeselskapa, slik at vi kan investere og vidareutvikle tenestene til næringskundane våre. Mellom anna ser vi på moglegheiter for eit jordvaskeanlegg i Kjevikdalen. I dag står kommunane som garantistar for IKS-et sine lån, og det ville ikkje vore rett at dei skulle ta risikoen for større investeringar som ikkje gjeld dei lovpålagde avfallstenestene til innbyggjarane. Det er også ryddigare med tanke på andre tilbydarar av avfallstenester til næringslivet, at NGIR Næring får finansielt like vilkår som dei.

For styret og leiinga er det viktig å sikre at alle tilsette som vert overførde frå IKS-et til eit av aksjeselskapa beheld dei same rettane som dei har i dag. Dotterselskapa vil verte melde inn i arbeidsgjevarorganisasjonen Samfunnsbedriftene, slik at dei tilsette vert omfatta av dei same tariffavtalane som i dag. Tilsvarande, så vil alle tilsette halde fram med dei same pensjonsordningane som dei har i dag, via KLP.

Innbyggjarane i NGIR-regionen vil truleg merka lite til omorganiseringa av selskapet. Det vil vera dei same tilsette som skal utføra dei same oppgåvene, uavhengig av om dei formelt får morselskapet (IKS-et) eller eit dotterselskap (AS) som arbeidsgjevar. Eit av premissa for omorganiseringa er at den seg sjølv ikkje skal føre til auka prisar eller gebyr, og at tenestene til hushalds- og hyttekundane skal halda fram som før.

Kontaktperson: dagleg leiar, Bjørn Berg, tlf: 901 10 545